

SYMRA

NYTT FRÅ IVAR AASEN-TUNET 15. ÅRGANGEN

2/2013

Då Ivar Aasen levde, var einsretting gjeldande språkpolitikk i Europa. Aasen snudde opp ned på dette og la dermed grunnlaget for ei brei deltaking i det norske demokratiet, uavhengig av språkleg bakgrunn.

Gaute Øvereng



Litterære høgdepunkt i haustmørkret

Kva må til for å kunne starte på ny og leggje skam og skuld bak seg? Kva får ei søster til å reise frå veslebroren då han treng henne som mest? Nyttar det for småkårsfolket å kjempe mot den politiske stormakta på 1600-talet? Og, korleis endar fråværsassistentar og interne e-postar med livsfunderingar i ei bok? Like sikkert som haustmørkret, er boknatta i Aasen-tunet. Forfattarane Agnes Ravatn, Sigrun Slapgard, Øystein Orten og Ragnar Hovland har alle sett av onsdag 20. november. Det bør du også gjere!

Barske menn

Røvarhistoria om atlanterhavsflygaren Thor Solberg og forteljinga om revejegerane på Jan Mayen er absolutt eit høveleg avbrekk i jakt og andre haustsyslar. Forfattarane Dag H. Nestegard og Ole M. Ellefsen kjem til tunet og fortel. Barsk servering blir det sjølv sagt også.



Skummel krimkveld

Jau, det finst krim på nynorsk. God krim. Magnhild Bruheim, Thore E. Helland og Rune Timberlid kjem alle med bøker i haust. Fredag 1. november møter du dei i Aasen-tunet om du tør å gå den skumle lydstien opp.

Bli nasevis i Aasen-tunet

Kva meir kan nasar brukast til enn pusting? Store nasar kan ein dusje med. Lange nasar kan ein jakte med. Medan verdas minste nase, heilt usynleg, kan brukast til å leite fram ein kjærast. Kom til Aasen-tunet og bli nasevis!



Ivar Aasen-tunet

IVAR AASEN-TUNET OKTOBER – DESEM

TORS DAG 3. OKTOBER 20.00

Barske menn

Revejegerane på Jan Mayen av Ole M. Ellefsen og *Atlantehavsflygaren Thor Solberg. Ei rovarhistorie.* av Dag H. Nestegard
Kr 150 / student 100

TORS DAG 17. OKTOBER 17.00

Ball, klubb og komle med dott

Gunda Djupvik
Bokpresentasjon og sal av ball
Servering frå kl. 15.30
Foredrag med forfattaren kl. 17.00

Ein porsjon ball kr 120
Foredrag kr 100
Pakkepris foredrag og ball kr 170



Foto: Tove K. Breistein

SØNDAG 20. OKTOBER 13.00

Kakerlakken med den stygge frakken ... og hovudet fullt av triste tankar

Martine Grande
Høgtlesing, animasjonsfilm og verkstad. Høver for born frå 4 til 9 år
Kr 50 / familie 150



Foto: Hilde Ranheim

MÅNDAG 21. OKTOBER 13.00

Opning av Nynorsk barnebokveke

Forfattar Erna Osland og formidlar Janne Karin Støylen frå Nynorsksenteret
Sjå eigen omtale
Gratis

I haust blir Ivar Aasen feira med eige frimerke. Aasen setje sjølv frimerke på mange brev, men det viktigaste brevet i livet hans vart aldri frankert. Aasen venta nesten eit heilt år på å høyre frå Vitskapselskapet i Trondheim, om dei ville gi han stipend til å reise i det norske språket. Sommaren 1842 reiste Aasen sjølv til Trondheim, utolmodig som han var, der han fekk overlevert stipendvedtaket frå rektor Bugge personleg. Bugge hadde signert brevet i mars same år, men gløymt å levere det til posten.

SØNDAG 27. OKTOBER 16.00

Språksansen

Ottar Grepstad fortel små og store historier om all verdas språk frå den nye boka. Språkquiz med bokpremie I samarbeid med Det Norske Samlaget
Kr 100 / student 50



Foto: Lars O. Flydal

FREDAG 1. NOVEMBER 21.00

Krimkveld

Forfatarane Magnhild Bruheim, Thore E. Helland og Rune Timberlid med bøkene *Det som er sant*, *Farleg kreditt* og *Sanct Svithuns gåte*
Gå den skumle lydstien opp til tunet
Kr 150 / student 100



SØNDAG 3. NOVEMBER 16.00

Symra

Terje Aarset fortel og samtalar om boka *Symra*. Musikalsk tonefølge
Kr 100 / student 50



ONSDAG 20. NOVEMBER 20.00–22.30

Boknatt i Aasen-tunet

Ragnar Hovland med boka *Frå Ragnar til alle*, Øystein Orten med *Rasmus rebellen*, Agnes Ravatn med *Fugletribunalet* og Sigrun Slaggard med *Englestien*
Kr 200 / honnør, student 150



Foto: Tove K. Breistein

Foto: Odd Golsøy




Foto: Herborg Pedersen

SPRÅKÅRET 2013

Språkåret 2013 er året som aldri endar, men likevel nærmar 2013 seg slutten. Heldigvis er det framleis stor aktivitet og mykje å gle seg til i månadene som kjem. Demokratisk vorspiel er ei debattrekke som går på folkebibliotek over heile landet. Tema er språk, demokrati og ytringsfridom. Den norske språkhistoria blir synt fram gjennom utstillinga som opnar på Nasjonalbiblioteket på den europeiske språkdagen 26. september. Utstillinga vil også bli sendt ut til bibliotek andre stader i landet. Det Norske Teatret inviterer til folkefest og ope hus den 6. oktober, og snart sender dei jubileumsframsyninga på turné i heile Noreg med Riksteatret.



Språkåret 2013
www.spraakaret.no



SØNDAG 24. NOVEMBER 18.00**Ein god dag kjem aldri for tidleg**

Ein leiken kabaret – frå Ivar Aasen til Odd Nordstoga, ei framsyning som samlar Ivar Aasen, Valkyrien Allstars, Stein Torleif Bjella, Bjørn Eidsvåg, Kjartan Fløgstad og Marie Takvam på same brettet og som med ein god dose humor kjeklar seg gjennom ei rik samling litterære perler.

Ein samproduksjon mellom Hordaland Teater, Sogn og Fjordane Teater og Det Norske Teatret
Kr 240 / student, honnør og gruppe (min 5) 190

**TORS DAG 28. NOVEMBER 11.00****Barnekonst utandørs**

Utstilling med inspirasjon frå boka *Nasevis* av Erna Osland
Inviterte barnehagar
Gratis

FREDAG 6. DESEMBER 19.30**Avslutningsfest for Språkåret 2013**

Program blir offentleggjort seinare
I samarbeid med Språkåret 2013

SØNDAG 8. DESEMBER 13.00**Familiedag med juleverkstad**

13.00 Salen

Førjulsstund med høgtlesing

Erna Osland med boka *Nasevis*


14.00–16.00

Lukte- og naseverkstad

Utandørs barnekonstutstilling

Høver for born frå 4 år

Kr 50 / familie 150

**NYNORSK BARNEBOKVEKE 2013**

Vi gjentek suksessen frå i fjor! I år er det biblioteka i Herøy, Vestnes og Fræna som får besøk av gjengen frå Nynorsk barnebokveke. 21.–23. oktober skal forfattar Erna Osland og formidlar Janne Karin Støylen ved Nynorsksenteret besøkje utvalde bibliotek i Møre og Romsdal. Nytt høvet til å bli kjend med mangfaldet i nynorsk barne- og ungdomslitteratur. Arrangementet er for foreldre, barnehagetilsette, lærarar, bibliotektilsette og andre som likar å lese med borna. Formidlarer presenterer nynorsk litteratur for ulike aldersgrupper, og forfattaren les høgt frå fleire av bøkene sine.

Nynorsk barnebokveke er eit samarbeid mellom Nynorsksenteret, Møre og Romsdal fylkesbibliotek og Ivar Aasen-tunet. I år blir det offisiell opning av barnebokveka måndag 21. oktober kl. 13.00 i Ivar Aasen-tunet.



Erna Osland (foto: Lene Løtvedt)

**FOR FLEIRE SANSAR**

No kan du ringje på døra til Klaus Sonstad eller Helene Uri, skrive ei melding på fjesbokveggen til Ivar Aasen eller bla i den digitaliserte boksamlinga til Aasen. Den største fornyinga av basisutstillinga sidan opninga i 2000 gjev rom for opplevingar utanom det vanlege. Tunet har ope kvar dagar kl. 10–16 og søndagar kl. 12–17.

OR GJESTEBOKA I IVAR AASEN-TUNET

Eit fint stykke arbeid. Absolutt interessant.

Gjest, Oslo 20.7.2013

På vegner av Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab helsar eg vår stipendiat og vårt medlem Ivar Aasen på 200-årsdagen. Kristian Fossheim, Selskabets Preses 2011–2013, 5.8.2013

PROGRAM OG BILLETTAR

Oppdatert informasjon:
www.aasentunet.no

Billett til arrangement
ebillett.no
70 04 75 84

Med atterhald om endringar

NYNORSK KULTURSENTRUM
6160 HOVDEBYGDA
TLF. 70 04 75 70

WWW.AASENTUNET.NO

B

NOREG



P. P.

DISTRIBUERT AV POSTEN
NOREG

UTGIVAR: NYNORSK KULTURSENTRUM REDAKTØR: GAUTE ØVERENG

Festspel om makt

Den som heve magti kan myket gjera, heiter det i ordtaket frå Ivar Aasen. Grunnlovsjubileet i 2014 har inspirert Dei nynorske festspela til temaet i 2014: Makt.



Makt handlar om kven som skal styre landet og om kva påverknad vi har på verda kring oss.

– Makt kan knytast til kraft og

evner, men også til avmakt og maktesløyse. Omgrepet makt gjev Festspela mange innfallsvinklar både til litteratur, musikk, kunst, debatt og samtalar. Dette blir mektige Festspel, seier programansvarleg Karine Munch.

Ny skuleturné

Elevar på vidaregåande skular i Rogaland er dei aller første som får



den produksjonen Mine språk på besøk. Mine språk, som er ein del av Den kulturelle skulesekken, serverer kuriose fakta om nynorsk, overraskande tankerekker om ulike språk i verda og leikande for-



midling om korleis vi brukar språket til å uttrykkje oss. Éin av tre duoar som skal ut på turné er Per Inge Torkelsen og Fredrik Brimsø. Terje Torkildsen har skrivne manus inspirert av stand-up-sjangerens form og verkemiddel.

Ny nettbutikk

I Språkåret 2013 har butikken fått fleire nye og særigne varer. I sommar opna også ein heilt eigen nettbutikk, **handlenett.no**.

Nettstadene aasentunet.no og haugesenteret.no er fornya og festspela.no blei teke i bruk i vår. – Gode tilbakemeldingar inspirerer til vidare arbeid og utvikling, seier nettredaktør Laila Walseth Lid.

Tilbod frå
nettbutikken


MANGE NYE VARER I NETTBUTIKKEN!



Ivar Aasen-boksar
Fleire nye fargar
Kr 149 for ein
Kr 249 for to



Miljøparaply
Med Aasen-signatur
Kr 349



**Serveringsbrett og
glasbrikke**
Språkveggmotiv
Kr 149 og 49



Historia om Ivar Aasen
Ottar Grepstad
Kr 305

www.handlenett.no